

Beslagsretten

Beslagsretten til kreditorane i konkurranse med rettane til tredjemann

Borgar Høgetveit Berg



BESLAGSRETTEN

Borgar Høgetveit Berg

BESLAGSRETTE

*Beslagsretten til kreditorane i konkurranse
med rettane til tredjemann*

Universitetsforlaget

© Universitetsforlaget 2021

ISBN 978-82-15-01574-3

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med åndsverklova eller avtalar om kopiering gjorde med KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan føre til erstatningsansvar og inndraging og kan straffast med bøter eller fengsel.

Spørsmål om denne utgåva kan rettast til:

Universitetsforlaget AS

Postboks 508 Sentrum

0105 Oslo

www.universitetsforlaget.no

Omslag: Matilda Guillemot

Sats: ottaBOK

Trykk: 07 Media – 07.no

Innbinding: Bokbinderiet Johnsen AS

Boka er sett med: Times LT Std 11/13

Papir: 90 g Amber Graphic

Omslagsbilete: Tandberg Sølvsuper 12 (sjå fotnote 1039)

Til Oline & Selma

Føreord

For snart 25 år sidan skreiv eg studentavhandling om eit særleg spørsmål knytt til dekningslova § 2-2. Bakgrunnen for boka her er derimot eit prosjekt eg byrja på i 2005. Då bad professor Sjur Brækhus, som hadde førelese i dynamisk tingsrett, panterett og materiell konkurs- og eksekusjonsrett i to mannsaldrar, meg om å gje ut dei attståande delane av verket *Omsetning og Kreditt*. Det var uhorveleg stas å bli spurt om dette, men det viste seg raskt at eg hadde teke på meg eit ofseleg stort oppdrag. Det vart for utfordrande å arbeide ut frå Brækhus' disposisjon, brotstykke og notat. Ikkje var eg samd med han i alt, heller. Etter at Sjur gjekk bort i 2009, vart det etter kvart klart at desse bøkene i hans namn og stil ikkje let seg skrive.

Boka her er difor ei omstrukturert, omskrive, omsett og forenkla framstilling av reglane om kreditorbeslag, bygd på Brækhus' notat. Eg er derimot ingen vitskapsmann. Det er ikkje rettvist overfor Brækhus' flogvit å la han hefte ved framstillinga; teksten er langt grunnare enn det som kjenneteikna arbeida hans. Samstundes kan eg ikkje understreke sterkt nok kor stor inspirasjonskjelde Sjur har vore. Det er lite her eg har tenkt ut sjølv. Dei ulike delane av boka er difor også svært ujamne i djupn og breidde. Boka er mest ei handbok – med nokre sidespor. Interesse til forfattaren har nok overstyrt behovet til lesaren på fleire punkt. Det er langtfra alt som er like viktig.

Mange har lese utkast og brotstykke opp gjennom åra. Ein omfram takk til Reidar Myhre og Hans Fredrik Marthinussen som begge kommenterte heile manuskriptet for fleire år sidan. Takk også til Håvard Bergli, Amund Bjøranger Tørum, Erlend Haaskjold, Ole Andenæs, Vibeke Irene Løvold, Kristin Normann, Rune Sæbø, Gudmund Knudsen, Geir Woxholth, Margrethe Buskerud Christoffersen, Kjetil Aasen og Sigrun Høgetveit Berg. I tillegg takk til alle som har blitt plaga med einskildspørsmål opp gjennom åra; dei er ikkje få!

Framfor alle skal likevel Kåre Lilleholt, og forfattarskapet hans, ha ein minst like stor takk som Sjur Brækhus.

Omstart, strafferundar og anna tvangsarbeid har utsett bokutgjevinga tallause gonger. Koronahelvetet også. Universitetsforlaget skal ha skryt for stort tolmod.

Ål, januar 2021

Borgar Høgetveit Berg

Innhald

Føreord	7
Kapittel I	
Innleiing	23
1 Emnet	25
1.1 Beslagsretten til kreditorane i konkurranse med rettane til tredjemann	25
1.2 Konfliktsituasjonar, persongalleri og språkbruk	28
1.3 Avtalefridom og eigedomsrett. Prinsippet <i>fyrst i tid, best i rett</i>	31
1.4 Plan for den vidare framstillinga	34
1.4.1 Systematikken	34
1.4.2 Nokre avgrensingar	36
Kapittel II	
Nokre fellesspørsmål og oversyn	41
2 Kreditorane kan berre ta beslag i formuesgode som kan overførast og gjerast om til pengar	43
2.1 Innleiing	43
2.2 Formuesgode med økonomisk verdi	43
2.3 Overførbarheit	46
3 Provspørsmål	49
3.1 Fri provdøming	49
3.2 Provpresumsjonar	49
4 Oversyn over dei ulike formene for kreditorbeslag	52
4.1 Kva er eit kreditorbeslag?	52
4.2 Beslag ved enkeltforfølging	53
4.2.1 Utlegg	53
4.2.2 Arrest	55
4.2.3 Straffeprosessuelt hefte	56
4.3 Konkursbeslag	57
4.4 Skifte av insolvent dødsbu	57
4.4.1 Privat eller offentleg skifte?	57

4.4.2	Offentleg skifte av insolvent dødsbu. Dødsbukonkurs	59
4.5	Tvangsakkord	59
4.5.1	Tvangsakkord som avslutning på konkurs eller dødsbuskifte	59
4.5.2	Tvangsakkord vedteken under gjeldsforhandling ...	60
4.6	Friviljug gjeldsordning etter konkurslova	61
4.7	Rekonstruksjon etter rekonstruksjonslova	61
4.8	Friviljug og tvungen gjeldsordning etter gjeldsordningslova	62
5	Oversyn over dei kritiske tidspunkta i beslagsprosessen	66
5.1	Presentasjon av dei ulike tidspunkta	66
5.2	Beslagstidspunktet	67
5.2.1	Enkeltforfølging	67
5.2.2	Konkurs	68
5.2.3	Skifte av insolvent dødsbu	69
5.2.4	Tvangsakkord	71
5.3	Forholdet mellom kravstidspunktet og beslagstidspunktet ..	71
5.4	Appellperioden	72
5.5	Fristdagen	73

Kapittel III

Beslagsretten i formuesgode som debitor innehar utan

å vera eigar	75
6 Formuesgode debitor innehar utan heimel, med mangelfull heimel eller med avgrensa heimel	77
6.1 Eit par innleiande tolkingsspørsmål	77
6.2 Formuesgode debitor innehar utan heimel eller ved ein feil ..	78
6.2.1 Formuesgode debitor innehar utan nokon heimel ...	78
6.2.2 Formuesgode debitor innehar ved ein feil	79
6.2.3 Særleg om <i>condictio indebiti</i>	79
6.3 Formuesgode debitor innehar lovleg, men med avgrensa heimel	80
6.3.1 Rettspolitiske omsyn	80
6.3.2 Gjeldande rett	85
6.4 Formuesgode debitor innehar med ugyldig avtaleheimel ...	87
6.4.1 Ugyldigheit	87
6.4.2 Avtalerevisjon	90
6.5 Formuesgode debitor innehar på eit grunnlag som ikkje gjev vern mot heimelsmannens kreditorar	90
6.5.1 Problemstillinga	90

6.5.2	Ugyldigheit	92
6.5.3	Rettsvern	92
6.5.4	Omstøyting	93
6.5.5	Oppsummering	93
7	Formuesgode debitor innehar som mellommann	95
7.1	Omsetnadsledda. Eigenhandlarar og mellommenn	95
7.2	Mellommansomgrepet	97
7.2.1	Mellommannen opptrer for framand rekning	97
7.2.2	Mellommannen har rett til å returnere uselde varer til oppdragsgjevaren	99
7.2.3	Vederlaget til mellommannen	101
7.2.4	Mellommannens oppfyllingsansvar overfor føregåande og etterfølgjande omsetnadsledd	101
7.2.5	Betalings tidspunktet mellom oppdragsgjevaren og mellommannen	102
7.3	Særleg om kommisjon	102
7.3.1	Kommisjonsomgrepet	102
7.3.2	Lovgjevinga om kommisjon	104
7.3.3	Salskommisjon	105
7.3.3.1	Kommisjonslova § 53 fyrste ledd	105
7.3.3.2	Kven kan krevja kjøpesummen?	108
7.3.4	Innkjøpskommisjon	109
7.3.4.1	Kommisjonslova § 53 andre ledd	109
7.3.4.2	Kven kan krevja kjøpesummen?	110

Kapittel IV

	Beslagsretten i formuesgode debitor har kjøpt, men ikkje betalt . .	113
8	Lausøyre debitor har kjøpt, men ikkje betalt	115
8.1	Problemstillingar	115
8.2	Forholdet mellom detensjonsrett, stansingsrett, hevingsrett og tilbakeleveringsplikt	117
8.3	Seljarens stansingsrett	119
8.3.1	Vilkåra for stansingsretten	119
8.3.2	Stansingsretten fell bort når tingen blir overgjeven til kjøparen	120
8.3.3	Nærare om overgjevingsvilkåret	122
8.3.4	Særleg om overgjevingsvilkåret ved bruk av sjølvstendig fraktførar	125
8.4	Seljarens hevingsrett	129
8.4.1	Hevingsretten <i>inter partes</i> og etter konkurs	129
8.4.2	Bortfall av seljarens hevingsrett ved overtaking	130

8.4.3	Unntak: Seljaren har teke atterhald	131
8.4.4	Unntak: Kjøparen avviser tingen	132
9	Fast eigedom debitor har kjøpt, men ikkje betalt	133
9.1	Dei tre trinna i eigedomsoverføringa	133
9.2	Seljarens tilbakehaldsrett	135
9.2.1	Prinsippet om yting mot yting	135
9.2.2	Dei to formene for atterhald	136
9.2.3	Når er skøyte overteke?	136
9.2.4	Når er bruken overteken?	137
9.3	Seljarens hevingsrett	138
9.3.1	Motivet for å heve	138
9.3.2	Hovudvilkåra for hevingsrett	139
9.3.3	Bortfall av seljarens hevingsrett når seljaren har oppfylt pliktene sine	141
9.3.4	Unntak: Personlege rettar	144
9.3.5	Unntak: Seljaren har teke atterhald	144
9.3.6	Reglane om hevingsblokkering de lege ferenda	145
10	Andre formuesgode debitor har kjøpt, men ikkje betalt	149
10.1	Realregistrert lausøyre	149
10.2	Partar i burettslag	151
10.3	Enkle krav	152
10.4	Verdipapir	153
10.5	Finansielle instrument registrerte i eit verdipapirregister	155
10.6	Selskapspartar og uregistrerte aksjar	158
10.6.1	Oversyn	158
10.6.2	Overførbare partsbevis i kommandittselskap	158
10.6.3	Overførbare partsbevis i ansvarlege selskap	160
10.6.4	Uregistrerte aksjar	160
10.6.5	Stillinga der det ikkje er utferda partsbevis i kommandittselskap eller ansvarlege selskap	162
10.7	Immaterielle rettar	162
10.8	Leigerettar og burettar	163
10.9	Entreprise og handverkartenester	164

Kapittel V

Beslagsretten i formuesgode debitor har erverva vederlagsfritt	165
11 Formuesgode debitor har arva eller fått i gåve	167
11.1 Innleiing. Problemstillingar. Gåveomgrepet	167
11.2 Avkall eller avslag på arv eller gåve	168
11.2.1 Venta arv	168
11.2.2 Fallen arv	169

11.2.3	Gåver	172
11.3	Brestande føresetnader ved gåver og testamentsarv	172
11.3.1	Gåveløfte	172
11.3.2	Fullbyrda gåver	174
11.3.3	Testamentsarv	174
11.3.4	Kort om bruk av stiftingar	176
12	Private beslagsforbod	178
12.1	Bakgrunn og problemstilling	178
12.2	Rettspolitiske omsyn	179
12.3	Oversikt over dekningslova kapittel 3	181
12.4	Vederlagsfridomen	182
12.5	Rettsvern	183
12.6	Tillitsmannsordninga	186
12.7	Løysingsrett til fordel for debtors nærstående	187

Kapittel VI

Vindikasjon der formuesgode er blanda saman eller avløyst av

	nye formuesgode	189
13	Vindikasjon av pengar og andre fungible formuesgode	191
13.1	Problemstilling og rettspolitiske synspunkt	191
13.2	Pengar, pengeverdiar og andre fungible verdiar	195
13.3	Det fyrste vindikasjonsvilkåret: Manglande rett til å blande formuesgoda inn i eigen omsetnad	197
13.3.1	Utgangspunktet	197
13.3.2	Pengeverdiar som A har lovpålagt plikt til å halde separat	197
13.3.3	Pengeverdiar som A har avtalt plikt til å halde separat	198
13.3.4	Pengeverdiar som A har «erverta» utan heimel eller med ugyldig heimel	200
13.4	Det andre vindikasjonsvilkåret: Formuesgoda må faktisk ikkje ha vore blanda saman	201
13.4.1	Utgangspunktet	201
13.4.2	Samanblanding av formuesgoda til fleire heimelsmenn	202
13.4.3	Samanblanding av formuesgoda til H og A	206
14	Vindikasjon av surrogat	215
14.1	Problemstillinga og rettspolitiske synspunkt	215
14.2	Typetilfelle	217
14.2.1	Pengar bytte i pengar	217
14.2.2	Pengar bytte i ein annan valuta	218

14.2.3	Pengar bytte i andre formuesgode	218
14.2.4	Andre formuesgode enn pengar	220
14.3	Oppsummering	221

Kapittel VII

Beslagsretten overfor debitors suksessor S – oversikt	223
15 Kreditorbeslag i suksesjonskonflikten kan heimlast i tre regelsett	225
15.1 Kort repetisjon og litt om opplegget	225
15.2 Det fyrste regelsettet: Ugyldigheitsreglane	225
15.3 Det andre regelsettet: Rettsvernreglane	227
15.3.1 Kva er rettsvern?	227
15.3.2 Kvifor dette unntaket frå prinsippet om <i>fyrst i tid, best i rett?</i>	228
15.3.2.1 Faren for kreditorsvik. Notoritet og publisitet	228
15.3.2.2 Ynsket om å motverke visse rettsstiftingar	231
15.3.2.3 Ynsket om parallelle reglar for overdraging og pantsetjing	233
15.3.2.4 Overordna normer; Grunnlova § 105 og EMK P1 artikkel 1	234
15.3.3 Rettsteknisk utforming. Behovet for absolutte reglar og systemtru praktisering	236
15.3.4 Verkeområdet – særleg om tvangsakkord vedteke under gjeldsforhandling eller rekonstruksjon	241
15.4 Det tredje regelsettet: Omstøytingsreglane	249
15.4.1 Kva er omstøyting?	249
15.4.2 Oversyn over vilkåra for omstøyting	251
15.4.3 Verkeområdet – særleg om kven som kan krevja omstøyting	254
15.5 Samspelet mellom dei tre regelsetta	256
15.6 Eit prosessuelt spørsmål: Kva er det same kravet?	258

Kapittel VIII

Beslagsretten overfor debitors suksessor S – ugyldige rettsstiftingar utleide frå debitor	263
16 Kreditorane er ikkje bundne av <i>ugyldige</i> rettsstiftingar utleide frå debitor	265
16.1 Suksessoren S' erverv må være gyldig	265
16.2 Verkeområdet – kven kan gjera gjeldande ugyldigheit?	266

16.2.1	Konkursbu	266
16.2.2	Utleggstakarar	266
16.2.3	Andre usikra kreditorar	269
16.3	Går retten til ratihabisjon tapt ved kreditorbeslag?	270
17	Særleg om proformaoverdragingar	273
17.1	Problemstillinga	273
17.2	Rettsverknadene av proformaoverdragingar	276
17.3	Proformaomgrepet	277
17.3.1	Det tradisjonelle («subjektive») proformaomgrepet	277
17.3.2	Det utvida («objektive») proformaomgrepet	279
17.4	Proformavurderinga	285
17.4.1	Strukturen i vurderinga	285
17.4.2	Kor fullstendig og konsekvent er disposisjonen formelt gjennomført?	285
17.4.3	Proformamotivet (om å oppnå noko ein ikkje kan oppnå ope)	289
17.4.4	Er disposisjonen som den formelle avtala gjev uttrykk for, reelt motivert?	294
17.4.5	Kva for reelle byrder og plikter fører disposisjonen med seg?	295
17.4.6	Risikoen for feilslutningar i proformavurderinga ...	298

Kapittel IX

	Beslagsretten overfor debtors suksessor S – rettsvernreglane for fast eigedom og realregistrert lausøyre	301
18	Innleiing til kapittel IX	303
18.1	Trygg omsetnad og realkreditt. Kort historisk tilbakeblikk ..	303
18.2	Kva er realregistrerte formuesgode?	305
18.2.1	Utgangspunkt	305
18.2.2	Fast eigedom	306
18.2.3	Realregistrert lausøyre	308
18.2.4	Partar i burettslag	309
18.3	Kva er tinglyst/registrert?	310
18.4	Når er noko tinglyst/registrert?	313
18.4.1	<i>De lege ferenda</i>	313
18.4.2	<i>De lege lata</i>	315
18.5	Retting av tinglysingsfeil	317
18.5.1	Registerførarens plikt til å rette tinglysingsfeil	317
18.5.2	Retting ved urette innføringar og andre feil, inkludert ugyldigheit	318

18.5.3	Særleg om retting av feil i det tinglyste dokumentet. Praksisen med «inkuriepåteikning»	319
18.5.4	Provkravet. Retting krev høg grad av sannsyn	322
18.5.5	Kan det rettast når dette kan få verknad for tredjemannsinteresser?	324
18.5.6	Gjennomføringa av rettinga	328
18.5.7	Tinglysing av krav om retting	328
18.5.8	Rettsverknadene av rettinga	329
18.6	Problemstillingar – og opplegget vidare i kapittel IX	329
19	Rettsvern der ervervaren S' rett har grunnlag i avtale	331
19.1	Hovudregelen: Avtaleervertv krev registrering for å stå seg mot seinare kreditorbeslag	331
19.1.1	Utlegg	331
19.1.2	Konkurs	334
19.1.3	Skifte av insolvent dødsbu	339
19.1.4	Tvangsakkord	340
19.1.5	Friviljug gjeldsordning og friviljug rekonstruksjon ..	340
19.2	Unntak: Overdraging av visse panterettar	341
19.2.1	Bakgrunn og problemstilling	341
19.2.2	Overdraging av «manuelt» registrert panterett	341
19.2.3	Overdraging av elektronisk registrert panterett	342
19.3	Unntak: Pantsetjing av visse panterettar	343
19.4	Unntak: Stifting og overdraging av kortvarige bruksrettar til fast eigedom	347
19.5	Unntak: Pantsetjing av leigerett til husrom	349
19.6	Unntak: Overdraging på vilkår av at det blir etablert hefte til fordel for seljaren eller tredjemann	351
19.7	Unntak: Sjølvstendig rettsvernhevd	353
19.7.1	Rettsgrunnlaget	353
19.7.2	Innhaldet i læra	355
19.7.3	HR-2017-33-A <i>Forusstranda</i>	356
20	Rettsvern der ervervaren S' rett har eit anna grunnlag enn avtale ..	365
20.1	Hovudreglane	365
20.1.1	Alle ervertv krev registrering for å stå seg mot utlegg	365
20.1.2	Andre ervertv enn avtaleervertv og avtaleliknande ervertv krev ikkje registrering for å stå seg mot konkurs mv.	365
20.2	Unntak: Kreditorbeslag	366
20.2.1	Kollisjon mellom fleire utlegg	366
20.2.2	Kollisjon mellom utlegg og konkurs	368

20.3	Unntak: Lovfastsette rettar	369
20.3.1	Legalpant	369
20.3.2	Andre lovfastsette rettar	370
20.4	Unntak: Vedtektsfesta rettar registrerte i Føretaksregisteret	372
20.5	Unntak: Rettar tufta på hevd og alders tids bruk	373
20.6	Unntak: Sameigerett tufta på reglane om «husmorsameige»	377

Kapittel X

Beslagsretten overfor debitors suksessor S – rettsvernreglane

	for vanleg lausøyre	379
21	Innleiing til kapittel X	381
21.1	Lausøyre og tilhøyrsløse	381
21.2	Moglege rettsvernakter ved disposisjonar over vanleg lausøyre	382
21.2.1	Problemet	382
21.2.2	Skriftlegheit	382
21.2.3	Overlevering og notifikasjon	383
21.2.4	Tinglysing eller anna registrering	384
22	Rettsvern for pant i vanleg lausøyre	389
22.1	Handpant	389
22.2	Underpant i einskilde lausøyreting	391
22.3	Underpant i tingssamband	392
22.4	Salspant	393
22.4.1	Heimelskonflikt, suksesjonskonflikt eller begge delar?	393
22.4.2	Hovudreglane	394
22.4.3	Særreglar for motorvogn	395
22.4.4	Særreglar for delar av og tilhøyrsløse til ein realregistrert hovudting	396
22.5	Utleggspant	397
22.6	Frapant	398
23	Rettsvern for andre rettar enn pant i vanleg lausøyre	399
23.1	Emnets evige relevans. Plan for framstillinga	399
23.2	Historikk og europeisk perspektiv	400
23.2.1	Det romarrettslege førebiletet	400
23.2.2	Den naturrettslege påverknaden og den historiske skulen	402
23.2.3	Dansk og norsk rettspraksis og rettslitteratur	404
23.2.3.1	Den eldste dansk-norske rettsvitskapen	404

23.2.3.2	UfL 1868 s. 170 Teglverk (Kristiania overrett)	405
23.2.3.3	Rt. 1878 s. 412 Møbelkjøp	405
23.2.3.4	Francis Hagerup	406
23.2.3.5	Carl Torp	407
23.2.3.6	Herman Scheel	408
23.2.3.7	Rt. 1910 s. 231 Ku	408
23.2.3.8	Rt. 1912 s. 263 Jernskrap	409
23.2.3.9	Rettsvitskapen dei siste hundre åra	410
23.2.4	Svensk og finsk rett	412
23.3	Rettspolitiske synspunkt	414
23.3.1	Den preseptoriske karakteren til rettsvernreglane . . .	414
23.3.2	Notoritet og faren for kreditorsvik	414
23.3.3	Forholdet til handpantregelen	415
23.3.4	Forskotsbetaling er kredittgjeving	418
23.3.5	Avgrensing av realkreditten kontra omsynet til ein effektiv omsetnad	419
23.3.6	Forholdet til reglane om opphøyr av tingssambandspant	421
23.3.7	Rimelege og/eller tilfeldige resultat	423
23.3.8	Oppsummering og konklusjon <i>de lege ferenda</i> : Ei mellomløyising mellom eit reint overleveringsprinsipp og eit reint avtaleprinsipp – eller; ein hovudregel om overlevering med nødvendige unntak	423
23.4	Utgangspunktet eller hovudregelen: Eit krav om overlevering	426
23.4.1	Hovudregelen for overdraging av eigedomsrett	426
23.4.2	Hovudregelen for andre avgrensa rettar enn pant . . .	427
23.4.3	Innhaldet i overleveringskravet	427
23.4.4	Tidspunktet for overleveringa	430
23.5	Unntak 1: Interesselæra	431
23.5.1	Sjur Brækhus' forslag til mellomløyising	431
23.5.2	Interesselæra er allment akseptert som gjeldande rett	432
23.6	Unntak 2: Tilverkingskjøp og andre tilverkingskontraktar . .	435
23.6.1	Problemstilling	435
23.6.2	Tilverkarens finansieringsbehov og moglege sikkerheit	436
23.6.3	Særleg om tilverking av einingar som kan registrerast i eit realregister	439

23.6.4	Oppsummering og konklusjonar	442
23.6.5	Tillegg: Særleg om fullføringsklausular (« <i>seizure clauses</i> »)	446
23.7	Andre unntak?	448
23.7.1	Forbrukarkjøp?	448
23.7.2	Overdragingar mellom ektemakar og andre sambuarar?	450
23.7.3	Ubetalte kjøp (utleveringsrett mot betaling)?	452
23.8	Tilleggsvilkår for genusytingar	453
23.8.1	Frå genusyting til spesieyting	453
23.8.2	Kva krav må stillast til individualiseringa?	454
23.8.3	Er ei einsegn individualisering tilstrekkeleg?	457
23.9	Gåver	459
23.9.1	Relevansen av vederlagsfridomen	459
23.9.2	Forholdet til reglane om omstøyting	460

Kapittel XI

Beslagsretten overfor debtors suksessor S – rettsvernreglane

	for krav og komplekse rettar	463
24	Innleiing til kapittel XI	465
24.1	Enkle krav og komplekse rettar. Omgrepsbruk	465
24.2	Ei tenleg gruppering; dei tre rettsvernssystema	466
24.3	Sameige, selskap og juridisk person	467
24.3.1	Kva er eit sameige?	467
24.3.2	Frie og bundne sameige	468
24.3.3	Frå bundne sameige til fellesskap organisert som juridiske personar	471
24.3.4	Kontrasten: stiftings-, rettsvern- og realisasjonsreglane for disposisjonar over ideelle partar i frie sameige	473
25	Enkle krav	476
25.1	Rettsvern for full overføring av enkle krav	476
25.1.1	Hovudregelen og heimelen for han	476
25.1.2	Nærare om notifikasjonen	479
25.1.3	Cedenten er legitimert som kreditor fram til debitor cessus er notifisert	480
25.2	Rettsvern for pant og annan sikkerheit i enkle krav	480
25.2.1	Eit tilbakeblikk	480
25.2.2	Bestemte enkle pengekrav	482

25.2.3	Enkle pengekrav i form av innskot på konto i kredittinstitusjon	483
25.2.4	Enkle krav som ikkje er pengekrav	484
25.3	Rettsvern for rettsstiftingar i framtidige enkle krav	485
25.3.1	Utgangspunkt	485
25.3.2	Faktoring	486
25.3.3	Faktoringpant	488
26	Enkle komplekse rettar	491
26.1	Omsetnad av og beslag i enkle komplekse rettar	491
26.1.1	Komplekse rettar som dekningsobjekt	491
26.1.2	Moglegheitene for å få frigjort kapital investert i komplekse rettar	492
26.1.3	Kreditorbeslag i part i eit komplekst fellesskap der deltakaranes ansvar for fellesgjelda er avgrensa til eit bestemt innskot eller ei tilsvarende innskotsplikt	494
26.2	Rettsvern for rettsstiftingar i arvelodd i uskifta dødsbu	494
26.3	Rettsvern for rettsstiftingar i part i ansvarleg selskap	495
26.4	Rettsvern for rettsstiftingar i part i partreiarlag	496
26.5	Rettsvern for rettsstiftingar i part i kommandittselskap	496
26.6	Rettsvern for rettsstiftingar i aksjar som ikkje er registrerte i eit verdipapirregister	497
27	Krav og komplekse rettar knytte til verdipapir eller innløyingspapir	499
27.1	Verkeområdet	499
27.1.1	Verdipapir	499
27.1.2	Omsetnadsgjeldsbrev	499
27.1.3	Dokument som er likestilt med omsetnadsgjeldsbrev	500
27.1.4	Omsetnadspapir som representerer ein selskapspart	501
27.2	Rettsvern for pantsetjing og full overføring av verdipapir . . .	502
27.3	Rettsvern for pantsetjing og full overføring av innløyingspapir	504
28	Krav og komplekse rettar innførte i eit verdipapirregister	505
28.1	Historikk, føremål og terminologi	505
28.1.1	Føremålet med verdipapirregister	505
28.1.2	Skilnaden mellom «innføring» og «registrering» . . .	506
28.1.3	Språkbruk; «verdipapirsentral», «verdipapir» og «finansielle instrument»	507

28.2	Kva for rettsstiftingar skal og kan innførast i eit verdipapirregister?	510
28.2.1	Kva for finansielle instrument skal innførast i eit verdipapirregister?	510
28.2.2	Kva for finansielle instrument kan innførast i eit verdipapirregister?	511
28.2.3	Enkeltkonto og forvaltarkonto	512
28.2.4	Sperrer mot fleirspara rettsvernssystem	513
28.3	Rettsvern for pantsetjing og full overføring av finansielle instrument registrerte på enkeltkonto	514
28.3.1	Rettsvernreglane	514
28.3.2	Nærare om når ein rett er registrert	516
28.4	Rettsvern for pantsetjing og full overføring av finansielle instrument registrerte på forvaltarkonto	517
28.4.1	Rettsvernreglane	517
28.4.2	Nærare om når forvaltaren har fått melding	518
28.5	Rettsvernreglane for finansielle instrument er absolutte	518

Kapittel XII

Beslagsretten overfor debtors suksessor S – rettsvernreglane

	for immaterielle rettar	521
29	Rettsvern for disposisjonar over immaterielle rettar	523
29.1	Immaterielle rettar som dekningsobjekt	523
29.2	Rettsvern for avtalepant	523
29.3	Rettsvern for utlegg	525
29.4	Rettsvern for full overdraging	526
29.4.1	Det tradisjonelle utgangspunktet	526
29.4.2	Patent og planteforedlarrettar	526
29.4.3	Andre immaterialrettar	529
29.5	Rettsvernreglane for immaterialrettar er absolutte	529

Kapittel XIII

Beslagsretten overfor debtors suksessor S – kollisjon med

	aksjeselskapskonstruksjonen	531
30	Aksjeselskap som eit rettsleg universalledd?	533
30.1	Problemstillinga	533
30.2	Ein opptakt: Aksjeselskap og gjennomskjering	535
30.3	Aksjeselskapskonstruksjonen møter beslagsretten	538

Avkortingar	545
Lover, konvensjonar, forskrifter	545
Domssamlingar, tidsskrift, offentlege dokument	550
Litteratur	552
Register over norske lover	572
Register over rettsavgjerder m.m.	593
Høgsterett (inkl. kjæremålsutvalet og ankeutvalet)	593
Lagmannsrettane	598
By-, herads- og tingrettane	600
Valdgift	600
Tinglysingsavgjerder (Justisdept.)	601
Lovavdelingsfråsegner (Justisdept.)	601
Danske avgjerder	601
Svenske avgjerder	601
Stikkord	603

Kapittel I

Innleiing

1 Emnet

1.1 Beslagsretten til kreditorane i konkurranse med rettane til tredjemann

Denne boka handlar om kva for verdiar – formuesgode – dei usikra kreditorane kan ta beslag i. Utgangspunktet er «hovedregelen om beslagsretten» i dekningslova § 2-2:

«Når ikke annet er fastsatt ved lov eller annen gyldig bestemmelse, har fordringshaverne rett til dekning i ethvert formuesgode som tilhører skyldneren på beslagstiden, og som kan selges, utleies eller på annen måte omgjøres i penger.»

Kreditorane kan ta beslag – og har «rett til dekning» – i alle «formuesgode» som «tilhører skyldneren på beslagstiden», og som «kan selges, utleies eller på annen måte omgjøres i penger». Kvant av desse vilkåra viser vidare til omfattande regelkompleks. Vilkåra heng nøye saman og vil bli presenterte samla i avsnitt 2.

Innleiingsvis er det på den eine sida grunn til å understreke at kreditorane *ikkje alltid* kan ta beslag i det som «tilhører skyldneren på beslagstiden» sjølv om dei andre vilkåra for beslag er oppfylte. For det fyrste stiller dekningslova kapittel 2 sjølv opp ei rekkje unntak av sosialrettsleg karakter, til dømes beslagsfridom for personlege egedelar og lønskrav. For det andre vik dekningslova § 2-2 for pantelova § 1-1 fyrste ledd, som slår fast at ein panterett er «en særrett til å søke dekning for et krav (pantekravet) i ett eller flere bestemte formuesgoder (pantet)». Ein usikra kreditor, typisk ein utleggstakar eller eit konkursbu, kan berre ta dekning i det som er igjen etter at betre prioriterte panthavarar har fått sitt. Det forholdet at dei usikra kreditorane ikkje har ein slik særleg dekningsrett som panthavarane har, er bakgrunnen til at me omtaler dei som «usikra», «vanlege», «personlege» eller somtid også «yngre» kreditorar.

På den andre sida er det heller *ikkje* slik at kreditorane *berre* kan ta beslag i det som «tilhører skyldneren på beslagstiden». Førrearbeida understrekar at «tilhører» ikkje er tilstrekkeleg for å regulere beslagsretten i den «dynamiske» overgangsfasen. Dekningslova § 2-2 må *supplerast*:

«Den nærmere grense for beslagsretten i forhold til tredjemann kan man likevel ikke trekke opp i en bestemmelse av denne art; reglene om legitimasjon, rettsvern og omstøtelse kommer inn her, foruten bevisreglene.»¹

1 NOU 1972: 20 s. 255.

Dekningslova § 2-2 er eit formuerettsleg vegkryss. Føresegna regulerer svært mykje samstundes som ho gjev lite rettleiing om *korleis* dei mange ulike beslagsspørsmåla skal løysast. Ein kan knapt løyse konkrete beslagsspørsmål basert på ei tradisjonell «tolking» av dekningslova § 2-2. Men dekningslova § 2-2 fungerer som ein intellektuell koplingsentral til ei rekke særskilde obligasjonsrettslege og dynamisk-tingsrettslege regelsett.

Dei beslagsrettslege problema melder seg særleg når formuerettar blir *stifta eller overdregne*. Eg nyttar full overføring av eigedomsretten som primært døme; framstillinga blir då ikkje så abstrakt som ho ville ha blitt om ho skulle omfatta alle overføringar på alle grunnlag. Men den meir generelle terminologien vil også bli nytta, for å minne om at framstillinga gjeld meir enn overføring av eigedomsrett ved avtale. Også stifting og overføring av avgrensa rettar, og overgang på anna grunnlag enn avtale, til dømes ved tvangssal og oreigning, er relevant i ei framstilling av reglane om kreditorbeslag.

Så lenge eigedomsretten, eller annan rett som det kan takast kreditorbeslag i, er «i ro» hjå debitor, altså i ein slags «statisk» tilstand, er debitor subjekt for *alle* dei aktive og passive funksjonane som utgjer retten. Ein viktig passiv funksjon er nettopp at kreditorane kan ta beslag i retten, til dekning av sine tilgodehavande hjå debitor, jf. «tilhører skyldneren på beslagstiden», jf. dekningslova § 2-2.

I «dynamiske» situasjonar, typisk når eigedomsretten er under overføring frå ein seljar til ein kjøpar, tapar (eigedoms)rettsomgrepet den heilskapen som er nemnd ovanfor og blir ubrukbart ved løysinga av dei mange overgangsproblema. Her må me arbeide med eit *funksjonelt (eigedoms-) rettsomgrep*. Rettovergangen skjer her ved at *funksjonane* som utgjer retten går over, med verknad *inter partes* og overfor dei ulike gruppene av *tredjemenn*. Ei viktig presisering: Overgangen *kan*, men må ikkje, skje samstundes i alle relasjonane for alle funksjonane. Overføringa er ein prosess som kan gå over tid, og som normalt til slutt resulterer i at ervervaren blir sitjande med ein rett som omfattar alle funksjonar og er verna i alle relasjonar. Det vil ikkje på alle stadium av ei overføring vera mogleg å peike ut den eine eller andre parten i transaksjonen som «eigar» eller «rettshavar», sidan enkelte av eigarfunksjonane kan ha gått over til ervervaren, medan andre framleis er hjå avhendaren. Spørsmålet om når og korleis overgangen av dei enkelte funksjonane i dei ulike relasjonane skjer, må avgjerast på grunnlag av kva ein for kvart enkelt av desse spørsmåla kan få ut av rettskjeldene, og ikkje ved deduksjon frå hypotesar om kvar retten – typisk eigedomsretten – er på det relevante tidspunktet. At retten er overført, kan

vera ein nyttig konklusjon, men er *utenleg som grunngeving* ved løysinga av dei enkelte overgangsproblema.²

I eldre rettspraksis vart spørsmålet om beslagsretten til kreditorane ikkje sjeldan løyst gjennom ein analyse over kvar *eigedomsretten* til det aktuelle aktivumet skulle reknast for å vera på beslagstidspunktet. Ein fann då svaret gjennom ei tolking av overdragingsavtala – eller meir spesifikt; av overdragingserklæringa frå avhendaren. Tilsynelatande var dette vel fundert: Avhendaren stod fritt til å overdra formuesgoda sine. Valde han å overdra, måtte han også kunne bestemme når og på kva for vilkår overdraginga skulle skje. Resonnementet svikta likevel på eit avgjerande punkt med omsyn til beslagsretten: *Avtalefridomen gjeld i forholdet mellom avtalepartane, men ikkje overfor dei ulike gruppene av tredjemenn, typisk kreditorane*. Ein kan seia det slik at det ligg utanfor avtalekompetansen å regulere forholdet til kreditorane. Beslagsretten er i denne relasjonen *preseptorisk*. Eg skyt inn at dette *ikkje* samstundes tyder at resultatet i eldre dommar om kreditorbeslag på grunnlag av substansielle førestillingar om eigedomsretten er «feil». Det er eit kjent fenomen at ein dommars evne til å sjå funksjonelt gode løysingar kan vera betre utvikla enn evna til å formulere ei treffande eller juridisk stringent grunngeving.

Likevel er altså eigedomsretten – uttrykt gjennom «tilhører» i dekningslova § 2-2 – utgangspunktet for beslagsretten. Ein stad må ein jo byrja. Men som me skal sjå, er dette i mange tilfelle berre eit formelt utgangspunkt.

Både for formuesgode som er på veg inn i formuessfæren til debitor, og for formuesgode som er på veg ut, må det i ei rekkje situasjonar stillast opp supplerande eller presiserande reglar når beslagsretten til kreditorane skal fastleggjast. *Kva slags* normer dette er, kan diskuteras. Om dei er sjølvstendige normer som stiller opp vilkår som kjem *i staden for* «tilhører», eller om dei skal reknast som særlege reguleringar av *kva som* «tilhører» debitoren, er ikkje alltid lett å seia, sjå til dømes avsnitta 7, 8, 9, 10, 13, 14 og 17. Er det her tale om særlege beslagvilkår eller «berre» retningslinjer i ei tingsrettsleg provvurdering knytt til «tilhører» i dekningslova § 2-2?

2 Lilleholt: *Allmenn formuerett* s. 18–19, jf. Lilleholt i festskrift til Håstad s. 448–451, Falkanger & Falkanger: *Tingsrett* s. 74–77, Marthinussen: *Tredjemannsproblemene* s. 23–37, Hauge: *Løsoereerververs kreditorvern* s. 56–61, Solheim i TFE 2006 s. 106–107, Brækhus: *Omsetningskollisjoner* s. 5–10, jf. Brækhus & Hærem: *Norsk tingsrett* s. 15–20, Arnholm: *Privatrett* s. 31–39, Lindebrække: *Eiendomsrett og konkursbeslag* s. 14–19, Ross: *Ejendomsret og ejendomsvergang*, jf. Ross: *Virkelighed og Gyldighed* s. 244 f. og Vinding Kruse: *Ejendomsretten* s. 131–216, jf. Vinding Kruse i TFR 1924 s. 315–436. Sjå også Torp i NJM 1902 s. 137–146, 177–185 og Bilag VI. Baldersheim: *Til tingsrettens teori*, jf. også Baldersheim i TFR 2012 s. 137–167, Stenseth: *Almenningens janusansikt* s. 60–70, Kinander i TFR 2003 s. 673–685, Fleischer i heidersskrift til Lid s. 81–94 og Lid i LoR 1965 s. 118–121, er meir positive til eit meir substansielt eigedomsrettsomgrep. Sjå også Krokeide i LoR 2005 s. 3–35 og Ørjasæter i MarLus 2015 nr. 448.

Halvparten av boka her kjem til å dreie seg om «rettsvernreglar». *Kva slags* reglar dette er, kjem eg særleg attende til i avsnitt 15.3. Uansett: I det praktiske rettslivet er karakteristikken eller terminologien ikkje nødvendigvis så viktig ut over den pedagogiske funksjonen.

Kva slags normer det er tale om, kan ha *prosessuell* relevans: Beslagsavgjerder vil ofte vera orskurdar, ikkje dommar. Kompetansen til Høgsterett er då avgrensa til prøving av lagmannsrettens «generelle rettslige forståelse av en skreven rettsregel», jf. tvistelova § 30-6 andre punktum bokstav c. Ved lovreglar som inneheld skjønsmessige kriterium, omfattar kompetansen kva for omsyn som kan eller skal tilleggjast vekt, og om lagmannsretten har gjort ei tilstrekkeleg brei vurdering. Ulovfesta reglar fell derimot i utgangspunktet utanfor.³ Lagmannsrettens provdøming og konkrete subsumsjon kan heller ikkje prøvast. Likevel er det slik at alle spørsmål om normene for beslagsretten til kreditorane kan overprøvast av Høgsterett. Til dømes var det i Rt. 2005 s. 1476 *Sæle* og HR-2018-1265-A *Vik* spørsmål om lagmannsretten hadde forstått reglane om dei ulovfesta reglane om proforma rett og gjort ei tilstrekkeleg brei vurdering, sjå avsnitt 17. Eit anna døme på ulovfesta reglar som må kunne prøvast, er reglane om vindikasjon av samanblanda pengeverdiar, sjå avsnitt 13. Sjølv om grensa mellom regelutforming og subsumsjon kan vera vanskeleg, så vil ei fastlegging av norma for når ein skal tillate vindikasjon også her falle innom Høgsteretts prøvingskompetanse.⁴ Det same gjeld det klassiske spørsmålet om rettsvern for lausøyrekjøp, sjå avsnitt 23. Sidan alle beslagsreglane er forankra i, eller supplerer, dekningslova § 2-2, kan ein seia at tvistar knytt til desse gjeld den «generelle rettslige forståelse av en skreven rettsregel», jf. tvistelova § 30-6 andre punktum bokstav c.

1.2 Konfliktituasjonar, persongalleri og språkbruk

Hovudspørsmålet i denne framstillinga er kva for verdiar kreditorane kan ta beslag i. Me konsentrerer oss om den «dynamiske» sida av problemet: Formuesgode som er på veg «til», «forbi» eller «frå» debitor.⁵ Med

3 Sjø nærare Skoghøy: *Tvisteløsning* s. 1262–1267, Schei mfl.: *Tvisteloven* s. 1086–1088 og Hov: *Rettergang* s. 491–492, jf. også Reusch i LoR 1999 s. 207–210 (om eldre rett).

4 Sjø til dømes Hagstrøm & Sæbø: *Terra-betenkning I* s. 9: «Grensen mellom separatistrett og beslagsrett beror på tolkning av deknl. § 2-2.»

5 Det kan kanskje verke misvisande å omtale beslagsspørsmåla som «dynamiske» der formuesgodet er heilt «i ro» i den forstand at avtalepartane ser på overføringa som gjennomført, gjerne for lenge sidan. Det er nettopp det funksjonelle synet på eigedomsrettens overgang, presentert i avsnitt 1.1, som gjer at det likevel er tenleg å nytte uttrykk som «overgangsfase», «til», «forbi», «frå» osb. for å skildre dei rettslege spørsmåla som kan oppstå – sjølv om situasjonen verkar mest «statisk». Terminologien er likevel ikkje alltid like treffande, til dømes ved spørsmålet om kreditorane kan bygge rett på debitors legitimasjon, sjå avsnitt 6.2 og 6.3, jf. Falkanger & Falkanger: *Tingsrett* s. 751–752, jf. s. 750.

«formuesgode» meiner me dei verdiane som me kan sjå som objekt for dei ulike rettane (ting, krav, immaterialrettar osv.), sjå avsnitt 2.2.

Debitor A er hovudpersonen. *Kreditor B* er enten ein enkelt av kreditorane til *A* eller alle kreditorane til *A* i eit fellesskap. Dekningslova § 2-2 gjeld både enkeltforfølging og fellesforfølging, men er ikkje er til hinder for at beslagsretten kan ha ulikt innhald ved utlegg og konkurs.⁶ Kreditorane søkjer å ta *beslag* i verdier som tilhøyrer *A*.⁷ Kreditorane kan bli møtte med ei motsegn om at verdiane *aldri* har tilhøyrte *A*, men *As heimelsmann H*. Dei kan også bli møtte med ei motsegn om at verdiane *ikkje lenger* tilhøyrer *A*, men no tilhøyrer *As suksessor S*, som *A* visstnok har avhenda verdiane til *før* *Bs* beslag. Debitor *A* kan altså opptre både som ervervar (kjøpar, leigetakar, osv.) av formuesgode og med det utleie sin rett *frå* heimelsmannen *H*, og som avhendar (seljar, utleigar, osv.) og med det vera heimelsmann *til* suksessoren (rettsetterfølgjaren) *S*. I tillegg kan han vera *mellommann*, typisk sals- eller innkjøpskommisjonær. Emnet er uansett omsetnaden knytt til *As* bruttoformue; ein omsetnad som dels inneber at formuen blir tilført verdier frå ulike heimelsmenn, og dels at verdier blir skilde ut frå formuen ved overføringar til ulike suksessorar.⁸

Problema fell altså i to hovudgrupper: Den fyrste gjeld beslagsretten i aktivum som blir overførte *til* vår debitor *A*. Enklast formulert spør me her om *når* overføringa er komen så langt at *H* (og *Hs* kreditorar) har tapt sin rett til aktivum som er på veg ut av *Hs* formuessfære. Den andre gruppa gjeld verdier på veg *frå* (eller forbi) debitor *As* formuessfære til suksessor *S*. Her spør me om *når* overføringa er komen så langt at *S* har vern mot *As* kreditorar. Det sentrale spørsmålet er korleis *S* oppnår *rettsvern*, det vil seia vern mot at *As* kreditorar *B* tek beslag i verdiane som er under overføring til *S*.

Uttrykket *kreditorekstinksjon* er etter juridisk språkbruk og systematikk avgrensa til *suksesjonskonflikten* (eller *dobbelsuksesjonskonflikten*) der *As* suksessor *S* og kreditor *B* begge utleier sin rett frå debitor *A*. Eit anna uttrykk for dette, sett frå *S'* side, er altså *rettsvern*. Uttrykket *rettsvern* har eit anna innhald andre stader i jussen, men i beslagsrettsleg samanheng

6 NOU 1972: 20 s. 255.


7 Det tingsrettslege kreditoromgrepet – dekningsøkjande kreditor – er med dette snevrare enn det obligasjonsrettslege kreditoromgrepet; som omfattar alle som har eit krav, sjå Lilleholt: *Allmenn formuerett* s. 34 og Hagstrøm: *Obligasjonsrett* s. 120.

8 Om konflikttypane og språkbruken, sjå Lilleholt: *Allmenn formuerett* s. 33–35, 133–135 og 335–339, jf. Lilleholt: *Godtruerverv og kreditorvern* s. 19–20, Brækhus: *Omsetningskollisjoner* s. 3–5 og 25 og Falkanger & Falkanger: *Tingsrett* s. 579–589. Frå eit studentperspektiv, sjå også Haaskjold & Skjerdal: *Oppgavesamling* s. 181–201, jf. Skjerdal i JV 1997 s. 14–31, og Apelseth: *Dynamisk tingsrett til eksamen*. For ein omfattande analyse av metodebruken knytt til mange av dei spørsmåla som skal handsamast her, sjå Marthinussen: *Tredjemannsproblemene*. Fyrsteutgåva av boka er meldt av Lilleholt i TfR 2017 s. 301–302.

nyttar me uttrykket berre mot kreditorane – og berre i suksesjonskonflikten.⁹

Den handlinga eller det tiltaket som gjev *vern* mot yngre kreditorbeslag blir kalla *rettsvernakt*. Motstykket er kreditoranes *sikringsakt*, som er den handlinga eller det tiltaket som gjev grunnlaget for kreditorkestinksjonen. Dette uttrykket blir også nytta ved godtruerverv, for det tiltaket som gjev grunnlaget for godtruervervet.

Suksesjonskonflikten kan illustrerast slik (der S' rettsstifting er eldre enn Bs):



For at framstillinga av kreditoranes beslagsrett til formuesgode i overføringsfasen mellom to rettssubjekt skal bli komplett, må me i tillegg sjå på kreditoranes beslagsrett der kreditor *ikkje* utleier sin rett frå A, men frå As heimelsmann H. Dette kallar me *heimelskonflikten* (eller *heimelsmannskonflikten*).

Heimelskonflikten kan illustrerast slik:



Dersom H her vinn konflikten med As kreditor B, blir dette *ikkje* omtalt som kreditorkestinksjon. Me seier derimot at H har *vindikasjonsrett* hjå A eller i As bu. Ein tapt vindikasjonsrett kan derimot på sett og vis samanliknast med kreditorkestinksjon. Men det er altså ikkje vanleg å nytte dette uttrykket i heimelskonflikten.

Derimot nyttar me uttrykket *separatistrett* i *begge* konflikttypane i konkurs. Dette er berre namnet på resultatet dersom dei usikra kreditorane

⁹ Dekningslova § 3-3 er eit unntak, sjå avsnitt 12.5. Merk at Finansdepartementet i førearbeida til verdipapirregisterlova 2002 og verdipapirsentrallova nyttar «rettsvern» både om kreditorvern og godtruerverv – og både om heimelskonflikten og suksesjonskonflikten, sjå avsnitt 28.1.1.



Emnet for boka er beslagsretten til kreditorane i den «dynamiske fasen» der rettar eller formuesgode er i ferd med å skifte eigar eller rettshavar – eller har gjort det. Kan kreditorane ta beslag i rettar eller formuesgode som er på veg inn i, forbi eller ut av formuessfæren til debitor?

Tematisk høyrer framstillinga heime i den dynamiske tingsretten, konkursretten og tvangsfullbyrdingsretten. Beslagsretten til kreditorane blir drøfta særskilt for ulike konfliktsituasjonar («heimelskonflikten» og «suksesjonskonflikten»), ulike rettsstiftingar (eigedommsrett, panterett osv.), ulike formuesgode (fast eigedom, lausøyre, aksjar osv.) og ulike ervervsmåtar (avtale, arv, kreditorbeslag osv.).

Borgar Høgetveit Berg er dommar i Høgsterett. Han har tidlegare vore advokat hjå Regjeringsadvokaten og advokatfirmaet Thommessen. Berg har gjeve ut ei rekkje bøker og artiklar i formuerett og prosessrett.

ISBN 978-82-15-01574-3



9 788215 015743

UNIVERSITETSFORLAGET.NO